



Hvis TV-sendingane frå kommunestyret held fram, får Ronny Lakselv truleg konkurranse. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Skal kommunestyremøta i Kvinnherad bli sende på TV også i tida framover slik Uskedalen-selskapet TV Sydvest har gjort det i ein prøveperiode? Det skal kommunestyret drøfta på torsdag, då det skal skje ei evaluering.**

Rådmannen går inn for at kommunen skal halda fram med ordninga, men ikkje vera bunde til TV Sydvest. Ein skal stå fritt til å innhenta tilbod også frå anadre aktørar, meiner rådmannen. Både Haugesunds Avis og Kvinnheringen har sagt seg interesserte.

Eit anna spørsmål er om kommunen sjølv skal kjøpa inn utstyr for videooptak eller om det skal vera opp til den aktør som blir vald.